

Årsmelding for Lye søndagsskule 2009. Noahs ark og @krøll.

Søndagsskulen har som vanleg hatt samlingane sine parallelt med gudstenesta på Lye forsamlingshus, unnateke familiegudstenestene. Rundt 40 ungar +/- plar møta opp kvar gong (52 bet. medl.). Barna frå 3 år opp til og med fjerde klasse samlast nede i barnehagen – i Noahs ark – (unik-ulik-uendelig verdifull), medan dei eldste på barnetrinnet stort sett samlast i ungdomssalen ovanpå til undervisning i @krøll. Iblant hender det at alle barna har felles andaktsdel nede før smågruppene starter. I smågruppene sit Noahs ark-barna i aldersbestemte grupper, saman med gruppearane sine, med same farge på teppet, på handstempelet og på forundringsposen. I forundringsposen vert det kvar gong lagd ein ting eller to som barna kan kjenne på –utan å sjå- og gjetta kva ting det er og koss han vert relatert til teksten. Flott er det å vera vitne til at barn ber, nokon høgt og mange inni seg, før dei sender bønna vidare i runden ved å klemma i handa til sidemannen. Av spesialaktiviteter etter smågruppene kan nemnast lego og idrettshall. Elles er det rikelege leike- og formingsmoglegheiter både oppe og nede. Etter rydding har me gjerne ei felles avrunding som å be velsigninga før me deler ut bladet.

Attåt å tena ungene i søndagsskulen, tenker me at me driv leiartrening. Derfor satsar me fortsatt på å ha med mange unge leiarar frå og med åttande klasse. Det er godt for oss leiarar å dela på oppgåvene, og det er godt for barna å møta trygge fang og gode auga som ser dei. Leiarane møtest tre-fire måndagskvelder i semesteret for å planleggja dei foreståande søndagsskulesamlingane, dels felles og dels teamdelt., og gjerne lørdagar for å riggja til, be og øva. I løpet av året har me også avtala med sjuandeklassingane at dei gir ungene stempel og kryss i manntalboka ved oppmøte i gangen. Dermed får sjuandeklassingane smaka på leiartenesta medan leiarane får ro rundt førebuingane til søndagsskulesamlinga:

10.00: Leiarane samlast nede i bhg til ”bøn og backing” parallelt med ”stempling” i gangen.

10.30: Me er med på fyrste del av gudstenesta.

11.00: Borna kjem. Kreativ og morsom undervisning, andakt, sang, musikk, dans.

11.20: Prat og bøn i smågrupper, gjerne med ein konkret og tekstknytta aktivitet.

11.40: Myldretid. Leiarane ser barna. Legogruppe eller idrettshall; forming; fri leik.

11.55: Ryddetid og avslutning med utdeling av blad.

12.00: Søndagsskuletimen er over for denne gong. Leiarane rydder meir etterpå.

På nyåret arrangerte me familiebasar, med Inger Åsine Ueland som primus motor for basardelen. Med seg hadde ho Solveig Undheim og Torill Sandsmark. Barnegospel song og alle barna som var på basaren fekk vera med på opplevingsandakt på leiting etter sau nummer hundre. I juni hadde leiarane ei årleg sommaravslutning heime hjå hovudleiar Jorunn Pettersen, kor me både såg framover ilag med komande åttandeklassingar og mimra med ”gamle” leiarar som har reist ut for å studera eller misjonera. I haust arrangerte kretsen og me slushkurs for sjuande- og åttandeklassingar saman med frikyrkja på Bryne. Søndagsskulen sitt 125 års jubileum vart feira med 7000 i Kongeparken 5/9., frå Lye reiste ca 70 store og små.

Desse sat i styret 2009: Jorunn Pettersen, Jorunn Ueland, Margunn Håvardsholm Salmelid og Anne Gunn Dovland Vassbø. Me takker desse unike og ulike leiarane for flott innsats gjennom heile eller halve året: Elise Vinsevik, Mariann Bjånes, Kjellaug Wold, Eline Garpestad, Margrethe Heggheim, Geir Einar Borgen, Lillian, Åshild og Ingvild Hjørnevik, Sæbjørn Sandsmark, Hallvard Sæbø, Ursula Penny, Lena Siqueland, Anne Grete Apeland, Kamilla Salmelid, Marta Harestad, Ingrid Bjelland, Målfrid Grødem, Marie Kjosavik og Vilde Lund Mathisen. Mange takk òg til rekneskapsfører Tor Ueland og revisor Geir Borgen, samt dei før nemnde basaransvarlege. For Lye søndagsskule, Anne Gunn D Vassbø